



Styremøte - FIR

Dato:

Tid: Onsdag 04.januar 2017

Møte: 1/

Til: Deltakerne

Kopi til: Fjell kommune

Tilstede: Anita Heggholmen, Bjørn Terje Olsen, Kristine Lundekvam, , Bjørn Thomassen, Wenche Bjelkarøy, Eva Herdlevær, Mikael Tangen, Øystein M Telle, Marianne T Monsen Fredrik Myrseth (UKS)
Ivar Einarsen fra Fjell kommune, Lennart Fjell Fjell kommune

Forfall: Andrine Midtkandal Østenstad,

Referent: Anita Heggholmen

Nr.	Sakens tittel/emne	Frist	Ansv
	<p>Møtet vart halde på Egon Straume, med middag til deltakarane.</p> <p>-Lennart starta møtet med å informere litt om sykkel-vm.</p> <p>Kommunen er no komen godt i gong med trafikksikringsplanen, og den er venta vere ferdig innan utgongen av januar. Ein kan ikkje vere så konkret på mange ting enno, då denne planen må vere ferdig først.</p> <p>-Det er innkalla til eit møte vedr publikumsområda Ågotnes/Kolltveit på Knappskog skule 11.januar kl 19-21, for frivillige lag og organisasjonar. Ein håper på godt oppmøte. Her skal ein setje ned arrangementskomite for desse to områda.</p> <p>-Sartor Storsenter vil vere arrangør for Straumeområdet, men vil knyte til seg frivillige lag og organisasjonar her også. Dei vil arrangere fredag, laurdag og søndag, også med kveldsarrangement.</p> <p>-Coastman planlegg sykkelritt/døgnritt same helga som vm i Straumeområdet.</p> <p>-Kommunen ynskjer folkefest og her er mange moglegheiter. Det er eit bra budsjett og det vil verte sett opp scene, storskjerm osv i publikumsområda. Ein ynskjer at lag og organisasjonar bidreg med innspel, aktivitetar, bodar osv.</p> <p>-I tillegg til 3 mill. som er avsett til sykkel-vm, har ein i år også auka tilskotsordninga for prosjekt og arrangement med kr 250000,-. Ein oppmodar alle til å søkje støtte til ulike typar arrangement, ikkje berre i samband med sykkel-vm, men også i løpet av året, men ein vil prioritere arrangement som kan knytast til sykkel-vm. Søknadsfrist 15.mars</p> <p>-Kommunen har samarbeidd med Cykleklubben Sotra, som blant anna ynskjer å arrangere Festningsrittet – eit konkurranse mellom bygder (7.mai)</p> <p>-Kommunen vil lage samarbeidskontraktar med dei klubbane som tek på seg ekstra arbeid/ansvar i samband med VM.</p> <p>-Mange kulturaktørar har teke kontakt, men ikkje noko kan avgjerast før trafikksikringsplanen er på plass.</p> <p>-TV2 har rett til sendingar i samband med VM. Dei ynskjer innspel om kva aktivitetar ein planlegg FØR, og i sykkel-vm, for å kunne førebu sendinga på best mogleg måte.</p> <p>-Det vil verte oppretta ei båtrute mellom Ågotnes-Straume-Bergen i samband med VM.</p> <p>-Lennart sender ut ein presentasjon som vi kan vidarende til våre medlemmer</p> <p>-Oppmoding til alle våre medlemmer: Kva kan dykkar lag hente ut av dette? Va klarer de å finne på som er spennig og gagnar laget dykkar no og</p>		LF

	<p>etterpå? Vær kreativ, kom med innspel og send inn søknad om støtte innan 15.mars</p> <p>Referat, saksliste og innkalling – godkjent Agenda:</p> <p>1) Godkjenning av innkalling, saksliste og referat fra forrige møte – godkjent</p> <p>2) Postliste</p> <p>* Lars Magne Landro: Informasjon om nye løysingar for idrettsråd: klubbkontor m møtekalender, e post, skype, felles lagring av data osv * Fjell kommune: Innkalling til oppretting av arrangementkomite sykkel-vm 2017 onsdag 11.januar kl 19-21 Knappskog skule * NIF/Kretsen: Invitasjon til inspirasjonsdag 10.januar på Ullevål: Digitalisering - hvordan kan det endre norsk idrett i positiv retning * Kretsen: Bruk heller penger på ungdom som er i ferd med å slutte - Info videresendt til våre medlemmer – FIR ynskjer å kartlegge kvifor ungdom i Fjell slutter med idrett, og kva som eventuelt kan gjerast for å halde på dei. Vi vil utarbeide ei spørjeundersøking. Wenche startar dette arbeidet. * Kretsen: Invitasjon til fagkonferanse Saman mot mobbing 16.02.17 0830-15 - Videresendt til våre medlemmer – Det skal også vere kveldsseminar open for alle – vi legg dette ut på facebook og nettsida vår v/Øystein</p> <p>3) Informasjon fra kommunen – Ivar 4) Handlingsplan/ Årshjul Opprette komite for arrangering av konferansen 5) Eventuelt Kommentarer til referatet:</p> <p>Vedtak – innkalling og referat godkjent</p>		
3	<p>Informasjon frå kommunen – Ivar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilbakemelding om domenesaka – Ivar purra advokaten opp att • Kommunen har fått kr 640000,- til barnefattigdomsprosjektet. Det vert utarbeidd kriterie for kven som kan søkje og korleis ein skal gå fram, og dette vert formidla ut til dei rette instansar • Alt er klart no for ein prøveperiode med I-pad i Ågotneshallen for registrering av vakthald og tal på personar som er i hallen • Utstyr i hallar/gymsalar – Ein vil kartlegge utstyr i gymsalar på Litle-Sotra i løpet av januar • Det skal arrangeres europacup-kamp i Volleyball i Sotra Arena 18. Og 19.januar • Treningstid på uteanlegg – Ivar er i dialog med laga det gjeld og vonar dei kan løysa kabalen utan å ha møte. • Kultur og idrettsgalla 11.feb. 2017 Bjørn Terje deler ut prisar på vegne av Fir 		IE IE IE
4	<p>Handlingsplan/årshjul</p> <ul style="list-style-type: none"> • Komite for arrangering av anleggskonferanse: Mikael Tangen (leiar), Bjørn Thomassen, Anita Heggholmen – Mikael kallar inn til møte. Konferansen bør skje før årsmøtet <p>Vedtak – tatt til orientering</p>		MT

5	<p>Idrettens Hederspris</p> <p>Innsende forslag vart gjennomgått og det vart valgt ut gode kandidatar til Idrettens Hederspris, både ungdoms- og vaksenpris</p> <p>Prisar vert kjøpt inn og gravert. Fir bestemte å kjøpe inn prisar for tre år framover.</p> <p>Vedtak – tas til etterretning</p>		WB BTO
6	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Medlemmer av idrettsrådet bør få gratis tilgang til ulike idrettsarrangement i kommunen, for å kunne følge med kva medlemmane våre held på med. Vi kan oppmode medlemmene våre om at ved vis av Fir-bevis, kan ein kome gratis inn. Eventuelt kan Fir dekke kostnaden for representanten • Fir har fått høre at Stord Turn har kontakta kommunen for å låne utstyr til NM i turn som dei skal arrangere i Haugesund. Kommunen har sagt nei. Vår egen Sotra Turn har fått låne utstyr av Bergen kommune fleire gonger. Fir oppmodar kommunen til å vere positiv til slikt utlån, og heller sørge for at ein har ein god låneavtale og krev forsikring av utstyr under utlån. • 19.februar skal det arrangeres to eliteseriekampar i Sotra Arena – Fyllingsdalen Bergen møter Falck Horten, og Tertnes møter Byåsen. Ein håper på fullt hus. 		

Foreløpig godkjent av leder av FIR, endelig godkjenning gjøres på neste styremøte